

Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/13267 - 20/56457

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@alver.kommune.no

Dato:
10.09.2020

Søknaden om utbetring av veg vert avvist- gbnr 141/7 og 141/63 Kvamme nedre

Administrativt vedtak.

Tiltakshavar:

Ansvarleg søker:

Søknadstype:

Saknr: 933/20

Helge Haugland

Jens H N Bjordal

Søknad om igangsetting av tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl) §§ 20-1 og 20-3, jf. § 21-2, 5. ledd.

VEDTAK

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-2 jf. byggesaksforskrifta § 5-4 vert søknad om utbetring av veg avvist.

Når søknaden er avvist vert byggesaka avslutta.

Dersom du søker på nytt må du legga ved fullstendig søknad i tråd med regelverket sine krav til dokumentasjon.

Tiltak

Vi viser til søknad om utbetring av tilkomstveg til gbnr 141/7. Tiltaket omfattar etablering av støttemur som skal plasserast på eigedomen gbnr 141/63. Sjølve vegen ligg på eigedomen gbnr 141/2.

Det vert elles vist til søknad mottatt 08.07.2020.

Planstatus

Tiltaket ligg innanfor område som er omfatta av reguleringsplanen for Kvamsvågen der arealet er avsett til veg 8, parkering P7 og friområde FR4.


I samsvar med føresegn 4.5 i kommunedelplanen for Knarvik – Alversund med Alverstraumen gjeld reguleringsplanen med supplering/endring av kommunedelplanen sine føresegner der reguleringsplanen ikke har eigne føresegner om temaet.

Av kommunedelplanen går det fram at tiltaket ligg innanfor faresone H310 ras- og skredfare og sone for bevaring av kulturmiljø H570_1 som er den indre farleia.

Kart



Situasjonsplan



Utsnitt av reguleringsplanen

VURDERING

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikke er fullstendig. Dette gjeld mellom anna følgjande tilhøve:

- Tiltaket som skal etablerast er i strid med arealføremålet friområde og plan- og bygningslova § 1-8 som gjeld byggje forbodet langs sjø. Det må søkjast om dispensasjon.
- Situasjonsplanen er ikke målsatt.
- Muren må ikke koma i konflikt med arealet som er sett av til parkering. Det må gå tydeleg fram av situasjonsplan og teikningar at arealet framleis kan nyttast til føremålet.
- Søknaden er send inn før nabofristen er gått ut. Det må gjerast greie for om det ligg føre merknadar frå nabo.
- Eigar av gnr 141/22 og 141/30 burde også varslast.
- Faresona for ras- og skredfare markerer faresona både for potensielt utløysingsområde og utløpsområde. For omsøkte tiltak skal det liggja føre geologisk vurdering av risiko for ras. Dersom det vert avdekkja risiko/fare, må tilstrekkeleg tryggleik mot ras vera gjennomført eller dokumentert før det kan gjevest løvye til tiltak.

Kommunen vurderer at søknaden ikke er tilstrekkeleg opplyst til at vi kan ta han til handsaming.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av ny søknad.

Regelverk

Søknad om tiltak etter pbl må vere komplett før kommunen kan handsame den, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4, jf. pbl § 21-4.

Søknad om tiltak må vere tilstrekkeleg opplyst før kommunen kan handsame den, jf. SAK § 5-4, jf. pbl §§ 21-2, jf. 21-4.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagat på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvært. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing
Alver kommune

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helge Haugland Kvamsvågen 18 5911 ALVERSUND

Mottakarar:

Jens H N Bjordal Grønlandsvegen 11 5918 FREKHAUG